



UNDERHELDT MED STIL: Åse Kleveland underheldt publikum i Kvemmadokkje med songar som ho har eit sterkt forhold til. ALLE (Foto: SJUR TVEITO)

Strålande konsert i Kvemmadokkje

Åse Kleveland underheldt publikum med fantastisk song, og tok dei med på ei reise gjennom eit politisk landskap.

[Tweet](#)

Sjur Tveito

Laurdag kveld var det konsert med Åse Kleveland og band i Kvemmadokkje. Kvitanesen, òg kjend som Torbjørn Ljones, varma opp publikum i lag med sonen sin, Andreas Ljones. Kvitanesen hadde med seg eigne tekstar fulle av humor.

– Utruleg kjekt

Åse Kleveland synest det var fantastisk å ha konsert i Ulvik.

– Dette var utruleg kjekt. Å ha konsert her på ein så fin plass med eit nydeleg utsyn og så fint vêr, var moro, fortel Åse Kleveland. Det har vore fleire kjende namn på konsert i Kvemmadokkje før, og Åse Kleveland vart tilrådd å koma.

– Eg vart sterkt tilrådd av andre artistar som har vore her før om å koma hit. Og eg angrar ikkje på at eg kom, seier Kleveland. Som tidlegare kulturminister er Åse Kleveland opptatt av slike arrangement.

– Det er så mange krefter og så mykje kreativitet i sving på dette arrangementet. Og Johan Børsheim er ei skikkeleg eldsjel som set dette i gang, forklarar Kleveland.

Under konserten var Kleveland innom mange forskjellige sjanrar, og song mellom anna songar frå David Bowie, Lillebjørn Nilsen, Alf Prøysen, The Beatles og Leonard Cohen. Mellom songane tok ho med oss på ei reise gjennom eit politisk landskap og fortalde historier som fekk publikum til å le.

Nøgd vertskap

Johan Børsheim og Toril Lunde Børsheim driv garden på Børsheim i Ulvik, og er vertskap for konserten i Kvemmadokkje. Johan Børsheim var veldig nøgd med kvelden.

– Eg syntest det gjekk strålande. Åse Kleveland leverte godt, fortel Johan Børsheim. Han syntest det var stas å få Åse Kleveland til Kvemmadokkje.

– Det er ei oppleving å få Åse Kleveland hit. Eg trudde egentleg ikkje det skulle vera mogleg å få henne hit. Eg tok kontakt med henne, sidan eg hadde noko med ho å gjera for 25 år sidan då ho var på besøk her. Ho hadde vorte tilrådd å koma hit, så det er fantastisk at ho kom, fortel Johan Børsheim.



GÅVE: Åse Kleveland var heldig og fekk gåve av vertskapet, Johan Børsheim og Toril Lunde Børsheim. Ho fekk ei Olav H. Hauge-bok og eit handlenett. Foto: Sjur Tveito

Gode tilbakemeldingar

Johan Børsheim vart ein travel mann etter konserten. Veldig mange ville snakka med han og skryta av konserten og heile opplegget i Kvemmadokkje.

– Me får mange fine tilbakemeldingar. Det er jo ein spesiell plass å ha konsert, og det er fantastisk når vêret er så fint som det var i dag, seier Børsheim. Åse Kleveland har vore rundt på ein del konsertar, men syntest Kvemmadokkje er spesiell.

– Det er blitt meir vanleg med spesielle konsertplassar dei seinare åra, men eg synest dette er unikt, fortel Åse Kleveland entusiastisk.



MYKJE FOLK: Det var mange folk som tok turen til Kvemmadokkje i Ulvik. På slutten vart det ståande applaus frå dei frammøtte. Foto: Sjur Tveito

Spennande program

Det var så å seia heilt fullt i Kvemmadokkje laurdag kveld. I pausane var det sal av mykje spennande mat og drikka, mellom anna spekesild, vassgraut, spekekjøt og sider. Nokon som hadde teke turen til Kvemmadokkje, var Gunnar og Tone Bjøteit frå Ullensvang.

– Me synest det var eit spennande program, og det er kjekt å sjå Åse Kleveland syngja. Ho er jo ei som var stor då me var unge, fortel Gunnar og Tone. Åshild S. Ljones og Ingebjørg Ljones syntest Åse Kleveland passa fint inn i Kvemmadokkje.

– Det var kjekt å vera her og det var veldig fint. Åse Kleveland passar bra inn her, fortel dei.



IMPONERTE: Ingebjørg Ljones og Åshild S. Ljones synest konserten var veldig fin, og det freistar å koma tilbake neste år. Foto: Sjur Tveito

Publikum var med

Åse Kleveland var veldig nøgd med publikum. På slutten fekk dei vera med å delta på konserten dei og. Åse Kleveland ville hedra dei som har bygd landet vårt, og avslutta med songen «Ola Tveiten» av Lillebjørn Nilsen. Etter nokre forsøk sat publikum å klappa med på dei riktige tidspunkta under songen, og stemninga var god.

– Det var eit fantastisk publikum. Det var veldig moro når publikum var med og deltok, seier ei nøgd Åse Kleveland. Publikum reiste seg på slutten av konserten og klappa lenge for Åse Kleveland.



HUSMANNSKOST: I pausane var det sal av lokal mat og drikke. Spekesild med tilbehøyr var noko mange ville smaka på..Foto: Sjur Tveito